
VOSSAJAZZ

23. 24. 25. MARS 1984



Velkommen til VOSSA JAZZ 1984

I byrjinga av 70-åra var det tverrpolitisk semje om at ein aktiv, målretta kulturpolitikk var eit eigna verkemiddel til å forma eit betre samfunn. Kulturlivet skulle få ein meir sentral plass i samfunnsplanlegginga. Dette førde til auka løyvingar til kultur, noko som Vossa Jazz fekk nyta godt av.

I dei seinare åra har samfunnet endra seg i slik lei at prioritering av kulturoppgåver meir enn nokon gong er meiningsfylt innsats.

Diverre er ikkje dei sentrale styresmaktene viljuge til å fylgja ein slik logisk tanke. Den siste meldinga frå Regjeringa, "Nye oppgåver i kulturpolitikken", set oss faktisk i tvil om kva departement som står bak meldinga. Det mest sentrale punktet i meldinga er om endringar i finansieringa av kulturlivet. Mesén-støtte - sponsormidlar skal vega opp for nedskjeringane i kulturbudsjetta.

Vi har diverre ikkje tru på at ei slik endring vil gje betra vilkår for kulturen. Til det er vi for mange innan det utvida kulturomgrepet som alt idag kjempar om desse "nye" midlane, midlar som trass alt óg er avgrensa.

No er ikkje Vossa Jazz den kulturinstitusjonen som er hardast råka av reduksjonane i tilskot til kulturarbeid. Tilskotet frå Kulturdepartementet til årets festival har auka i kroneverdi, og løyvinga frå Hordaland Fylke har til og med auka i reell verdi. Desse to instansane hjelpte og festivalen ut av ei økonomisk bakevje sist år ved å gje ekstra tilskot til sanering av opparbeidd gjeld. Ein stor takk til staten og fylket for denne gode jubileumsgåva!

Vossa Jazz er diverre ikkje like godt nøgd med innsatsen frå dei lokale styresmaktene. Det verkar som om Voss Kommune ikkje vil vedgå kva denne årvisse kulturhendinga har å seia for bygda, korkje kulturelt eller økonomisk.

Ein jazzfestival er diverre ikkje ei kulturovring der det er lett å visa til konkrete resultat, som t.d. ein medaljeplass. Misforstå ikkje, men skal tru om ikkje Vossa Jazz óg kan skyta blink? Ståande!

Jazzfestivalen på Voss ser ut til å ha funne ei form som både publikum og presse ser ut til å verdsetja, og vi vonar at også årets program vil gje gode og verdifulle opplevingar.

Vossa Jazz er også dette året eit resultat av stønad og hjelp frå institusjonar, forretningsforbindelsar og privatpersonar. Ein stor takk til dei alle!

I von om ei ny kulturell vårløysing vil vi ynskja både publikum og utøvarar vel møtt til Vossa Jazz 1984.

Beste helsing styret

Jostein Lid, Nils T. Kvamsdal, Asle Haaland, Olav Dale, Lars Sætre, Alf-Haakon Harlem, Mildri Tillung, Rolf Grundesen, Per Vethe, Dag Helleve, Jørgen Rokne, Lars Mossefinn, Ben Nordby, Geir Nymark og Stein Hanto.

A/S George
Rokne & Co.

Tlf. 12033
5701 Voss

Velkomen

TIL EIT SENTRUM I VEKST

OG TIL EIT DISTRIKT I UTVIKLING

VELKOMEN OGSÅ I

VOSS SPAREBANK



NORSK MUSIKFORLAG A/S

Øvre Slottsgt. 10

Stedet for jazzplater og noter.
Vi fører m.a. «Playalong»-plater og annet undervisningsmateriell etc.

VI SENDER OVER HELE LANDET

Norsk Musikkforlag, Postboks 1499 Vika, Oslo 1

Telefon (02) 68 41 40

VOSSA JAZZ Postboks 223 5701 VOSS
Kontor: Vangsgata 8 tlf.055-12690

Billettkontor

Dette vert som tidlegare i Kinovestibylen. Forutan billettar kan du her kjøpa T-skjorter, jakkemerke, plakatar og plater.

Billettkontoret er ope:

fredag	14.00 - 21.30
laurdag	11.00 - 21.30
sundag	13.00 - 19.00


JAZZKAFE

Jazzkafeen har vorte ein svært populær samlingsstad under festivalen. Her går det føre seg ei rekkje aktivitetar; konsert med viser og lyrikk eldretreff og kunst- og fotoutstilling.
Her kan publikum slappa av mellom konsertar og skigåing, og eta middag til ein rimeleg pris.
Jazzkafeen vert offisielt opna fredag 23.mars kl.17.00 med ein konsert med forfattarane Per Olav Kaldestad og Ivar Orvedal, og visesongaren Gudmund Rydning.

OPNINGSTIDER I JAZZKAFEEN
Laurdag 12.00 - 19.00
Sundag 12.00 - 18.30
Det vert ikkje matservering fredag.

Voss Modelle
VOSS DAMEKONFEKSJON A/S

Prøv det nye
Agfachrome-Speed



Endeleg ein enkel måte å laga bilete frå dias på!

★ berre 1 papir
★ berre 1 bad
★ i romtemperatur
★ i vanleg framkallarskål

Me har godt utval av Agfa kameraer, film, diasråmer, foto-papir- og kjemi-kaliar.

PS. Vossa Jazz - fotografane brukar Agfa film og fotopapir også i år!

HERHEIM foto

SPESIALFORRETNING I FOTO OG FOTOARTIKLER

Kunstutstilling

Kunstutstillinga er ein viktig del av Jazzkafeen. Utstillinga er open for både amatørar og profesjonelle, og deltakarane stiller ut treskurd, måleri, tekstilvev, grafikk og andre kunstartar.
Nytt i år er utstilling med borneteikningar i samarbeid med "Nei til Atomvåpen".

Fotoutstilling

Voss Foto- og Smalfilmklubb er ein aktiv klubb med omlag 50 medlemmer.
Utstillinga viser svart/kvitt bilete med fritt motiv.
Medlemmer frå Fotoklubben er også engasjert som fotografar for Vossa Jazz.

Eldretreff

Laurdag 24.mars kl.10.00 vert det eldretreff i Jazzkaféen. Dette har vorte eit populært og årvisst tiltak med underhaldning av artistar som er på festivalen, i tillegg til servering av kaker og kaffi.

Vossa Jazz Ski- og Fjellheisar

Neida, dette er ikkje siste nytt i "fusjon" mellom store verksemder, men eit samarbeid mellom Vossa Jazz og Voss Ski- og Fjellheisar.
Mange av dei som kjem til Voss denne marshelga vil kombinera jazz og skigåing, og dette har vi teke konsekvensen av. Laurdag kan du kjøpa ein spesiell billett til konsert med Voss Storband på Hangursresturanten, toppstasjonen på Gondolbanen. Inkludert i denne billetten er eit halvdagskort til alle heisane.
VOSS STORBAND har den siste tida vore inne i ei rivande utvikling under sin musikalske leiar Ivar Vatne. Ivar og også skrive ein ny "låt" til denne spesielle konserten.
Billetten får du kjøpt på oppturen og konserten tar til kl. 12.00.

Spesialforretning i NOTER og PLATER.
Sender over hele landet!

Butikk: Universitetsgt. 24, Oslo 1
Tlf. 02-42.72.84.
Postadr.: Box 822 - SENTRUM, Oslo 1

MUSIKK-HUSET A/S

Utleige av:
Turski
Alpinski

100 m frå GONDOLBANEN

GAUSEL SKIUTLEIE

Røyk- og alkoholfritt alternativ

Kravet om å ta del i selskapslivet utan å vera med som aktiv eller passiv konsument av tobakksrøyk og alkohol melder seg med aukande styrke. Dette harVossa Jazz teke konsekvensen av og dette året kan vi tilby to slike tilskipingar. Fredag kveld spelar rockegruppa CAN CAN i Sosialkjellaren og laurdag kveld får vi møta gruppa Indrehus/Klevstrand/Bremnes på Vang Pensjonat.
Statens Edruskapsdirektorat yter også denne gongen støtte til slike tiltak.

OPE HUS

Dette er eit tiltak som er meint som ein uformell klubb, der publikum kan kosa seg og høyra på eit samansett program.
OPE HUS er i år lagt til kjellaren på Hotell Vossevangen, og desse vil vera med på tilskipinga:
KJARTAN FLØGSTAD, ADRIAN HENRI/ATLE HANSEN og folkemusikkgruppa ARAUCANO.
The British Council har ytt reisestøtte til Adrian Henri.

Barnetilskiping

Også dei minste skal få vera med på festivalen. Denne gongen kjem RISS DANSEKOMPANI frå Bergen med ei framsyning dei har kalla "Hvor er Afrika". Vi kan møta dei i SAMBYGG på Vossestrand laurdag 24. kl. 14.00 og på VOSS GYMNAS sundag kl.15.00.

kilde

Siviling. Falch, Ringheim og Solberg
Konsulentkontor – akustikk.

Bergsliplass 2,
5700 Voss
Tlf. 055-12 880

Støyreduksjon - Måling - Analyse -
Rom- og bygningsakustikk
Kurs. Kunnskapsformidling.

Les om VOSSA-JAZZ
i
Hordaland
100 år

TA TUREN TIL

a-s Smarty

PÅ HESTAVANGEN TLF. 13 111

Advokatene
Sjur Vinje
og
Odd Arne Flage
Medlemmer av Den Norske Adv.forening
Vangsgt. 6, 5701 VOSS

CAN CAN

I år vert det eit eige rocke-arrangement for dei under 18 år. Fredag kveld i Sosialkjellaren får vi møta eit heller ferskt namn i norsk rock - CAN CAN. Sjøl om gruppa er ny, er det veteranar innan ny norsk rock som er med. Både Anne Grete Preus og Per Vestaby frå "Veslefrikk" og Jørn Christensen frå "De Press" er med, saman med eit heller nytt namn Øyvind Hansen Ny plate med denne gruppa er venta rundt VOSSA JAZZ tider.

Vi har og fått ei lokal rockegruppe med som "support-band".

Riss Dansekompani – Barneteater



Også dette året skal dei yngste festivaldeltakarane få si eiga tilskiping. Frå Bergen kjem RISS DANSEKOMPANI med ei framsyning dei har kalla "Hvor er Ahrika".
Historia som vert fortald er om den vesle fuglen Spirrevipp som forsøv seg når ho skal reise med dei andre til Afrika. Ho må reise åleine og kjem ut for mange fårer før ho endeleg kjem fram. Stykket inneheld både musikk, dans og rørsle. I siste delen av framsyninga får borna vera med på å skape scenen "Afrika". Dansekompaniet har vitja skulane i Bergensområdet og vi ser fram til å få møta dei i SAMBYGG på Vossestrand laurdag, og på VOSS GYMNAS sundag ettermiddag.

JAZZ OG SKI




20 km prepararte alpinløyper
14 forskjellige nedfartar
7 heisar og trekk
Kapasitet 4750 pers. pr. time.

L/L Voss Ski- og Fjellheisar



Ivar Orvedal



Per Olav Kaldestad

Per Olav Kaldestad

I 1973 var Per Olav Kaldestad med på å stifte tidsskriftet TUN, det same året som fyrste diktsamlinga hans, KIKKERT, kom ut.
Det er fyrst og fremst som poet han har markert seg, men også som ein fin forfattar av barne- og ungdomslitteratur.
Per Olav Kaldestad var med i PROFIL-redaksjonen frå 1974-75, og i BASAR-redaksjonen frå 1979-81, og han har skrive ei rekkje essays om litterære emne.
Han kjem frå Husnes, men bur no på Rommetveit på Stord.

Gudmund Rydning



Gudmund Rydning skulle vera kjend for visevenner gjennom engasjementet sitt i Vestnorsk Vise- og Lyrikkforum.
Langspelplata "På Skrå" gjorde Rydning kjend for eit større publikum. Her står han fram som ein svært allsidig visekunstnar. Musikken hans spenner frå reggae til vals, og tekstane femner om alt frå beisk samfunnskritikk til vare kjærleiksballader.

Ivar Orvedal

Ivar Orvedal debuterte i 1979 med diktsamlinga "Moldmennsje" (Samlaget). Det som kjenneteiknar denne boka er at ho er skriven på dialekt, eit medvite val av form som får fram einskapen mellom form og innhald.
Neste diktsamlinga hans "Cafe 1982" kom ut i 1982, (Cappelen).
Ivar Orvedal har publisert dikt i ei rekkje tidsskrift og aviser, og han arbeider no med finland-svensk lyrikk. etter ei studiereise i Finland i 83
Ivar Orvedal er også oppteken av musikk, og han er med i redaksjonen av rockeavisa Nye Takter. i tillegg til å vera musikkmeldar i andre aviser.

Ny telebutikk på Voss

I slutten av mars blir det opna ny telebutikk på Bergsliplass på Voss.


Her vil publikum kunne tinga telefon, kjøpa diverse tilleggsutstyr som ekstra telefonapparat, ekstra telefonkatalogar m.v. og elles få opplysningar om andre teletenester vi kan tilby.

Opningstida blir: Mandag - fredag kl. 0900 - 1530
Laurdag kl. 0900 - 1300

Velkomen innom!

Tele

Stevie Ray Vaughan and Double Trouble



Stevie Ray Vaughan kjem frå Austin Texas og har i omlag 15 år vore profesjonell musikar. Fyrst i fjor fekk han sitt store gjennombrot med LPen "Texas Flood", og som sologitarist på Bowies "Let's Dance".

I dei mange åra som gitarist i ulike Texas-band tok Stevie Ray opp i spelet sitt bluestradisjonen frå T-Bone Walker via folk som Freddy King og Howlin' Wolf til Buddy Guy og Albert Collins. Stevie Ray er i ferd med å vitalisera og utvida denne tradisjonen. Gjennom inspirasjon frå gitarrockens einarar som Chuck Berry og Jimi Hendrix har Vaughan skapt sin eigen spelestil, som flyttar grensene for det vi trudde var mogleg å gjera på elektrisk gitar.

Med seg til Vossa Jazz har han sitt faste komp Double Trouble: Tommy Shannon på bass og Chris "Whipper" Layton, trommer. Det som kjenneteiknar denne trioen er eit uvanleg tettflytande og virtuost gitarspel, kombinert med naturleg og uttrykksfull vokal, og ikkje minst: eit komp så tett og mektig at sjøl blaserte blues-kjennarar må vaske seg i øyrene!

PARK
HOTEL
VOSS



Christiania Jazzband med Benny Waters



Saksofonisten BENNY WATERS er ei levande legende i jazzverda. Han debuterte som profesjonell musikar i 1918 og i 1925 hadde han teke del i si fyrste plateinnspeling.

Sidan 1952 har han budd i Europa og turnert i dei fleste land. Overalt har publikum møtt ein artist som imponerer med sin kreativitet, og ein vert riven med av improvisasjonane hans som alltid er fulle av liv.

CHRISTIANIA JAZZBAND har i 14 år vore ei sentral gruppe i jazzmiljøet i Oslo. Deira stil har alltid vore godt forankra i New-Orleans tradisjonen.
Dei har spela med Benny Waters før, og vi er glade for å kunna presentera dette samarbeidet på årets Vossa Jazz.

Les om Vossa Jazz i

Hordaland

«TO KJENTE FRÅ VOSSA JAZZ»



Knut Kristiansen har i ei årrekkje leia grupper og seminar på Vossa Jazz. Ei eldsjel og ein inspirator, som for arbeidet sitt og kvalitetane sine som komponist og musikar, vart heidra med Norsk Jazzforbund sin pris, Buddy under 30 års-jubiléet til NJF på Club 7 i haust.
Aktuell på plate med The Gambian/Norwegian Friendship Orchestra.

Tore Brunborg har på kort tid presentert seg som ein av dei fremste jazzutøvarane våre. I lag med trompetaren Nils Petter Molvær og kompet Balke/Andersen/Christensen spelar han den friskaste jazzen som er høyrt i Noreg på lenge. Masqualero vart spelt inn rett etter Kongsbergfestivalen.

Masqualero



ODIN

«MED FOKUS PÅ NORSK JAZZ»

SPHERE



Pianisten Thelonius Monk er ein av dei store stilskaparane innan jazzen. Komposisjonane hans er mellom dei mest spelte, og mange pianistar er påverka av Monks uortodokse pianospel.

Kvartetten SPHERE med: Charlie Rouse, saxofon
Kenny Barron, piano
Buster Williams, bass
Ben Riley, trommer

fører tradisjonen frå Monk vidare. På repertoaret til gruppa finn ein ei mengd Monk-låtar, og Rouse og Riely var båe med i kvartetten til Monk i over 10 år.
Banda til Monk skulle altså vera lette å få auge på, men gruppa er ikkje "kopistar" - så langt i frå. SPHERE har utvikla sin eigen stil og Rouse er ein saksofonist ein burde vera meir oppmerksom på.
Denne kvartetten er ei av dei leiande jazzgruppene idag, så dei tre klubbkveldane på Park skulle gje alle eit høve til å "utforska" dette spanande bandet.


FRIKK MUSIKK
Bergens ledende spesial-
forretning for orkester
utstyr.
Frikk
MUSIKK
FRIKK DRUM SHOP
Landets ledende
slagverkforretning.
Frikk
DRUM SHOP
FRIKK STAGE SERVICE
Komplett pakketilbud.
Biler. PA. Taleanlegg
og instrumenter
Frikk
STAGE SERVICE
Klosteret 12, 5000 Bergen Tlf. 05-21 61 05

KICK



Vossa Jazz har fram gjennom åra vore fyrst ute med presentasjon av nye navn innan norsk jazz. To døme frå seinare år er Ny Bris og Matarese Circle.

I år kan festivalen by på den nye gruppa KICK frå bergen. Vi helsar denne nye gruppa velkomen med glede, og når så interressante navn som Olav Dale og Ole Thomsen står på plakaten er det grunn til å lytta.

Dei som spelar i KICK er:

Olav Dale, saxofonar
Ole Thomsen, gitar
Gunnar Bjelland, tangentinstrument
Yngve Moe, bass
Ole Hamre, trommer.

Alle musikarane i KICK er sentrale i det bergenske jazz/rock/blues-miljøet, og dei er mykje nytta som studiomusikarar.

Repertoaret til gruppa bygger på element frå både jazz og rock, og musikken gjev framifrå høve til improvisasjon. Bandet arbeider kollektivt med å skapa ein heilskap i musikken.

Mykje av musikken er komponert av Ole Thomsen.

Stedet for sportsfolk

Fleischers Hotel

75 værelser, alle med bad, dusj og toalett.
OG MOTELL
30 leiligheter for 2-6 pers.
Leilighetene er av høy standard og inneholder:
* Dusj og toalett
* Fullt utstyrt kjøkken
* Telefon, radio og TV.
* Parkeringsplass m/motorvarmer

Gode møtelokaler for opp til 300 pers.
Svømmehall m/2 sauna.
TOP SPOT DANSEBAR
med grill og internasjonalt orkester.
«**After skiing party**» med peiskos, glovarm gløgg.
Egen hyggepianist.

Velkommen

Fleischer's



Tlf. (055) 11155

Oliver Lake & Jump Up



I 1981 gjesta Oliver Lake Vossa Jazz som medlem av World Saxophone Quartet. Konserten deira går inn i festivalsoga som ein av dei største. Musikken til saxofonkvartetten var intens og krevande, og med Jump Up har Lake teke steget over i dei "lettare" musikkformer.

Jump Up reflekterer jazzhistoria på meir enn ein måte. Musikken har henta element frå fleire typar "svart musikk" - reggae, afro, funk m.m, og samstundes har musikken til Jump up det felles med swing-musikken at den kan (og skal !) dansast til.

Oppå den rytmiske og harmonisk enkle basisen svevar saxofonisten Lake i temmeleg fri improvisatorisk flukt. Bandet gjesta Nattjazzen i fjor og vart ein av publikumsyndlingane. Møt opp og høyr kvifor!

Oliver Lake - sax, voc, Brandon Ross - gitar, Darell Mixon - bass, Jerome Harris - bass/gitar, og Kamal Zabir - trommer.

Til deg som var framsynt og har kjøpt B&O TV med fjernbetjening. No er det klart for Tekst-TV

Siden 1979 har Bang & Olufsen vært forberedt på Tekst-TV. Når NRK setter igang sine regulære prøvesendinger, vet du at Bang & Olufsens fjernbetjente Farge-TV har plass for en Tekst-TV-modul. Du behøver ikke kjøpe ny fjernbetjening når du setter inn modulen – også fjernbetjeningsenheten din er forberedt på Tekst-TV.
Hos oss kan du se hvordan Tekst-TV virker i praksis, samtidig som vi gjerne avtaler tid for montering av Tekst-TV-modul i ditt Beovision TV.




Eller, hvis du går i tanker om å kjøpe nytt TV, bør du vite at alle Beovision farge-TV fra Bang & Olufsen kan leveres med Tekst-TV.

Beovision farge-TV fra Bang&Olufsen

Montert heime hjå deg på Voss, fast pris kr. 1500,–
Tillegg for reise til Granvin og Ulvik

ELEKTROSENTERET
M.O. MØLSTER
tlf. 11 122 — 11 135
VOSS

Kjartan Fløgstad



Etter at Kjartan Fløgstad gav ut den fyrste prosaboka si i 1070, Den hemmelige jubel, har han gått sine eigen vegar i norsk litteratur. Med utgangspunkt i industriarbeidarkulturen har han makta både å syna mangfaldet i språket, samstundes som han skapar avstand. Slik kjem språk og myter fram gjennom og mellom linjene i romanane hans.

Det er ein samanheng mellom Fangliner (72), ei bok med kortprosa-tekstar og romanane hans Rasmus (74), Dalen Portland (74), og Fyr og flamme (80).

I 1983 gav han ut romanen U3 og artikkelsamlinga Ordlyden.

Tidlegare har han gjeve ut diktsamlingane:

Valfart (68)
Sermoniar (69)
Dikt i utval av Pablo Neruda (73)
Litteratur i revolusjonen. Dikt frå Cuba (73)

og to kriminalromanar:

Døden ikke heller (75)
Ein for alle (76)
Essaysamlinga Loven vest for Pecos (81)

I tillegg til dette har han skrive songtekstar, og har vore redaktør i Basar 1979-81.

Kjartan Fløgstad fekk i 1977 Nordisk Råds Litteraturpris for Dalen Portland, og Norsk Litteraturkritikerlags pris for Fyr og Flamme i 1980.

VOSSA JAZZ PROG

FREDAG 23.MARS

kl.17.00 Jazzkafeopning i Sosialkjellaren *PER OLAV KALDESTAD, IVAR ORVEDAL, GUDM*

kl.19.30 Konsert i Voss Kino *STEVIE RAY VAUGHAN AND DOUBLE TROUBLE*

kl.21.00 Klubb Jazzkafe i Sosialkjellaren *CAN CAN*

kl.21.30 Klubb Grillen, Park Hotel *SPHERE*

kl.21.30 Klubb Leonardo, Park Hotel *CHRISTIANIA JAZZBAND med BENNY WATERS*

kl.21.30 Klubb Vossevangen Hotell *KICK*

kl.21.30 Klubb Fleischer's Hotel *OLIVER LAKE and JUMP UP*

LAURDAG 24.MARS

kl.10.00 Eldretreff i Sosialkjellaren

kl.12.30 OPE HUS, Vossevangen Hotell *ARAUCANO, ADRIAN HENRI/ATLE HANSEN, KJARTAN F*

kl.12.00 Konsert på Hanguren *VOSS STORBAND*

kl.14.00 Barneteater, Sambygg på Vossestrand *RISS DANSEKOMPANI*

kl.16.30 Konsert i Voss Kyrkje *SONDRE BRATLAND m/musikarar, KARIN KROG/JOHN SURMAN*

kl.19.30 Konsert i Voss Kino *ROLAND HANNA, RON CARTER, TONY WILLIAMS*

kl.21.30 Klubb Vang Pensjonat *PER INDREHUS/KARI BREMNES/LARS KLEVSTRAND m/musikar*

kl.21.30 Klubb Grillen, Park Hotel *SPHERE*

kl.21.30 Klubb Leonardo, Park Hotel *CHRISTIANIA JAZZBAND med BENNY WATERS*

kl.21.30 Klubb Vossevangen Hotell *KICK*

kl.21.30 Klubb Fleischer's Hotel *OLIVER LAKE and JUMP UP*

SUNDAG 25.MARS

kl.14.00 Konsert i Voss Kino *EIVIN ONE PEDERSEN - "patterns that connect"*

kl.15.00 Barneteater på Voss Gymnas *RISS DANSEKOMPANI*

kl.18.30 Konsert i Voss Kino *STEPS AHEAD*

kl.21.00 Klubb Grillen, Park Hotel *SPHERE*

kl.21.00 Klubb Fleischer's Hotel *OLIVER LAKE and JUMP UP*

Vi tek atterhald om endringar i programmet.

GRAM

UDMUND RYDNING

AN FLØGSTAD

RMAN/BENGT HALBERG + kor

ikarar

Fleischer's



Tlf. (055) 11155

HOTELL
VOSSEVANGEN

PARK
HOTEL
VOSS

Tlf. 11 322

selvklebende
etiketter/skilter
flagg/vimpler
byggeplasskilter
t-skjorter
verktøymerke-
system
FAGMESSIG SERVICE
HURTIG LEVERING

SERIGRAFO
skilt-silketrykk
STRANDAVEGEN 37, BOKS 380
TLF. 055-12 890 5701 VOSS

Lettvint og sikkert

POSTSPAREBANKEN
- banken på postkontoret.

VOSS POSTKONTOR

Eksp.tid:
Må. - Fre. kl. 08.30 - 17.00
Laur. kl. 08.30 - 13.00


Araucano

Araucano vart starta av Miguel Castillo som kom til Noreg som politisk flyktning frå Chile etter militærkuppet i 1973. Han har vore leiande i Araucano som i dag har medlemmer frå Bolivia,Uruguay og Noreg utanom Miguel sjølv. Gruppa spelar musikk frå heile det latin-amerikanske kontinentet, bossa og samba frå Brasil, cubansk musikk og indiansk musikk frå Chile ,Bolivia og Peru. Tekstane har dei henta frå kjende latin-amerkanske forfattarar, eller dei er laga av Miguel Castillo.

Med i gruppa er:


Miguel Castillo - song, gitarar, perc.
Dag Olav Larsen - fløyte,perc.
Bjørn Aarland -bass
Christian Sommerfelt - gitarar
Roald Andrésen - gitarar,song
Claudio Miranda - perc-
Tomas Garrido - perc.

Atle Hansen



Atle Hansen er ein veteran i vestnorsk visemiljø, men har og sysla ein del med rock og blues.
Han har sett melodi til tekstar av Ragnar Hovland, Lars Aamund Vaage og Rune Belsvik.
Atle Hansen er også kjend for mange med gjennomgangstemaet han laga for filmen "La elva leve".

SAL AV!



Om du har vore på leiting etter ein skikkeleg pub på Voss...
Om du har opplevd eit verkeleg pub-miljø andre stader...
Ja, så har du sikkert gjort deg tankar om korleis din pub skulle vere.

Det har vi også.
Me har opna
STALLEN PUB på Hotell Vossevangen.
Etter mykje arbeid og finpuss er resultatet blitt akkurat slik vi hadde tenkt.

Vår pub har eit originalt og vakkert interiør. Vår pub speglar vårt eige lokale miljø, ikkje importerte og framande omgivnader.
STALLEN PUB er ein uformell møtestad der du kan stikke innom når som helst og slappe av med velsmakande forfriskingar.

STALLEN PUB har koselege båsar der opptil 20 personar kan hygge seg ilag rundt bordet.
I vår pub er det fyr på peisen og lune sitjeplassar tett inntil.
I vår pub er det visesong og gode artistar som set ekstra spiss på den stemninga det alltid vil vere i ein ekte lokal stampub.

SAL AV!
Kom innom og sjå om det stemmer med ditt bilete av ein god pub!


Velkomen til

STALLEN
PUB
HOTELL
VOSSEVANGEN

STALLEN PUB er open kvar dag frå kl. 13.00 - 00.30

Adrian Henri

Det var vel fyrst som leiar av den legendariske poesi/rock-gruppa Liverpool Scene, at Adrian Henri vart kjend her i landet. I dag vert han rekna som ein av dei fremste britiske poetane, og han har reist mykje rundt både i Europa, USA og Canada.



Litterær produksjon:

Tonight at Noon (68)
City (69)
Autobiography (71)
The Best of Henri (75)
City Hedges (77)
From the Loveless Motel (80)
Penny Arcace (83)

I tillegg til desse diktsamlingane har han gjeve ut romanen I Want (72) saman med Nell Dunn. I 1974 kom Evironments and Happenings, og i 1973 kom skodespelet Yesterday Girl. I 1982 kom barneboka Eric the Punk Cat.

Saman med to andre kjende Liverpool-poetar, Roger McGough og Brian Pattern, har Henri gjeve ut The Mercy Sound og New Volume i 1983.

Adrian Henri er også representert i antologiane The Liverpool Scene (67), British Poets of Our Time (70), og The Oxford Book of Twenthieth-Century Verse (73).

Adrian Henri er også ein kjend målar, og frå 1972-81 var han "President of the Liverpool Academy of Arts".

The British Council har ytt reisestøtte for Adrian Henri.

Godt utval i TOPP instrument



Selmer, Conn } Blåseinstrument

Exelsior, Viktoria, Titano. } Trekkspill

Hohner: torader

Godwin Yamaha } Orgel - Piano

Fender, Terada. } Forsterker - Gitar

TENSAI musikkanlegg

Stemming - Reparasjoner

Marcato -MUSIKKHANDEL-

JOHS. & B. MANDELID

VOSS

Sondre Bratland



Det er andre året at Vossa Jazz skipar til konsert i kyrkja. Også denne gongen er konserten delt i to, og i fyrste avdeling får vi møta songaren Sondre Bratland saman med Iver Kleive på orgel, Turid Kniejski, harpe, Roar Engelberg, panfløyte og Per Egil Hovland, blokkfløyter.

Bratland har gjennom dei to platene "Pilgrimens Sangbok" og "Den blå gleda", markert seg som ein framifrå tolkar av relegiøse folketonar. Han har saman med musikarane greid å skapa eit musikalsk uttrykk som spelar på ei rad strenger i kjenslelivet. Dei har greidd å kombinera folkemusikkmaterialet med ei improvisatorisk tilnærming og ei instrumentering som er heller uvanleg. Resultatet er ikkje lett å skildra, men det kan opplevast i Vangskyrkja!

OK Loven

Klær for dame, herre og ungdom

O.K. Loven A/S
Vangsgt. 41, 5700 VOSS
Tlf. 055-11 302

O.L. KYTHE VOSS A/S

ENTREPRENØRFORRETNING

Postboks 120 – 5710 Skulestadmo
TELEFON 11 973


VANG pensjonat

Utrågt. - 5700 VOSS

BO BILLIG
BO SENTRALT
BO GODT
BO VANG

Vi leverer snitter og selskapsmat

Tlf. (055) 12 145



L/L Voss Felles-Bakeri og Konditori

5720 Palmafossen

Krog/Hallberg/Surman





I andre avdeling på kyrkjekonserten møter vi gjengangarar frå tidlegare Vossa Jazz konsertar: Karin Krog, vokal, Bengt Hallberg, piano/orgel og John Surman, saxofonar og fløyter.

Krog/Hallberg samansetjinga bør vera kjend for alle. Dei er eminente tolkarar av den vokale og instrumentale greina innafor jazzen. Karin Krog veit å ta vel vare på nyansar i språket og i musikken, og med eit framifrå akkompagnement av Bengt Hallberg er musikken i dei beste hender.

John Surman spela fyrste gong på Vossa Jazz for to år sidan, og vert idag rekna for ein av dei fremste saxofonistane i Europa.

I denne delen av kyrkjekonserten deltek også musikklinekoret ved Voss Folkehøgskule. Korinnstuderinga er ved Per Indrehus.


Fond for Utøvande Musikarar har ytt støtte til innøving og framføring.
The British Council har ytt reisestøtte til John Surman.



Ron Carter



Tony Williams



Sir Roland Hanna

Sir Roland Hanna/Ron Carter /Tony Williams

Trio- eller duoformatet er ofte musikalsk spanande. Små format set gjerne utøvarane på ei heilt spesiell prøve, og konsentrasjonen må vera heilt på topp.

Med SIR ROLAND HANNA, RON CARTER og TONY WILLIAMS på scenen samstundes skulle alt liggja til rette for ei konsertoppleving utan om det vanlege.

Sir Roland Hanna er fødd i Detroit i 1932. Faren var saxofonist og Sir Roland fekk tidleg kontakt med musikk. I tenåra fekk han opplæring i klassisk piano. Den fyrste verkelege kontakten med jazz fekk han då han var med på jam med m.a. folk som Tommy Flanagan, Barry Harris, Hank Jones og Woody Anderson. Seinare, i 1960, spela Sir Roland med Sarah Vaughan, og 4 år etter reiste han til Japan med Thad Jones, Ernie Farell og Tootie Heath.
Sir Roland var med som fast pianist i Thad Jones-Mel Lewis Big Band i fleire år, før han vart med i New York Jazz Quartet. Denne kvartetten spelte på Moldefestivalen i 79 og Sir Roland Hanna var på Kongsberg med gruppa Mingus Dynasti - Randy Brecker, Billy Hart, Mike Richmond, Cliff Jordan og Sir Roland, i 1981.

Sir Roland Hanna har også spela saman med Sonny Stitt, Ron Carter Charlie Mingus - berre for å nevna nokre.
Det er vanskeleg å plassera pianospelet til Sir Roland i nokon spesiell "bås", han er påverka av Art Tatum, Erroll Gardner og Duke Ellington og hans bakgrunn frå klassisk musikk kan ein og spora i spelet hans.

Kva skulle ein så finne på å seia om bassist Ron Carter og trommeslagar Tony Williams som ikkje er sagt mange gonger før? Ikkje anna enn at dei "20 år etter" framleis ser ut til å vera ein rytmeseksjon som ein knapt finn maken til - men det er vel heller ikkje noko nytt .....

Martin Tvilde A/S

Fargehandel

Advokat

GUNNAR SVARTVEIT

Vangsgt. 54, 5700 Voss


Tlf. 13 205

«Tid å hausta inn»

Kari Bremnes og Lars Klevstrand syng Olav. H. Hauge. Musikk: Per Indrehus.
LP/MC fra plateselskapet **PÅ NORSK.**
Chr. Krogsgt. 32B, Oslo 1,
Tlf. 02 - 20 30 02

Eg tingar : .....
LP/MC .....
Kr. 70,- fritt tilsendt
Namn : .....
Adr. : .....
Tlf. : .....

Indrehus/Bremnes/Klevstrand



I haust kom det ut ei plate, "Tid å hausta inn", som har fått mykje omtale. Lærar ved Voss Folkehøgskule, Per Indrehus har sett tonar til dikt av Olav H. Hauge og Hans Børli.
Per Indrehus har i lang tid arbeidd med å tonesetja dikt, og ein kan vel seia at han har fått eit gjennombrot som komponist og arrangør i og med denne plata.
Med seg på denne plata hadde han visesongarane Kari Bremnes og Lars Klevstrand, begge vel kjende over heile landet.

Denne "trioen" kan vi få møta laurdagskvelden på Vang Pensjonat saman med desse musikarane, forutan Indrehus på piano:
Tor Ivar Andreassen, bass, Steinar Røthe, trommer, Erik Balke, sax, Magnar Dale, gitar, Leif Rygg/Einar Mjølsnes, hardingfele og Accordeongruppa ved Voss Musikkskule.

Denne klubben er alkohol- og røykfri og er støtta av Statens Edruskaps-direktorat.

La oss samarbeida
om økonomien din.

– Tenk i dag på låna
du treng i morgon!

Konto i

Vekselbanken
A.S Voss Veksel- og Landmandsbank

er med å tryggja framtida di

Eivin One Pedersen – «patterns that connect»



Eivin One Pedersen er ein musikar som i stor grad har gått sine eigne vegar. På Moldefestivalen i 82 spela han med John Stevens, Johnny Dyani og Frode Gjerstad og året etter med AHA-bandet. Mange vil og kjenna Eivin One frå bandet Detail.

Vossa Jazz har bede Eivin One Pedersen skriva eit "verk" til framføring under festivalen. Om dette skriv Eivin sjøl:

- jeg vil ikke akkurat kalle det jazz / jeg liker å improvisere
- det er underveis mønstre skapes / begynnelse og slutt er vilkårlig valgt
- klassisk musikk eller rock er uttrykk som har som mål et bestemt resultat / getting an idea is to find yourself doing it
- patterns that connect er mønstre i musikk / musikernes mønstre / publikum
- komposisjonen er at vi møtes / på Voss
- hvis du lar deg fange inn / er du et offer for patterns that connect / også
  aha!!

Eivin One Pedersen - piano og synth., Carl Morten Iversen - bass, Audun Kleive - trommer, Frode Alnæs - el.gitar, Erik Balke - alt.sax, Frode Gjerstad - ten.&sopransax, Nils Jansen - ten.&bassax, Nils Petter Moldvær - trompet, Torbjørn Sunde - trombone og slidetrompet, Trond Villa - violin og Morten Hannisdal - cello.

Prosjektet er støtta av Norsk Kulturråd og Fond for Utøvende Kunstnere.

PÅ REISE?

Me ordnar alle slags reiser i inn og utland

NSB-
REISEBYRÅ

Uttrågt. 32., Tlf. 055/11 835

TILLUNG & CO.

VANGSGT. 8

FRUKT – TOBAKK – AVISER

VEKEBLAD

Steps Ahead

Konsert i Voss Kino søn. 25.3 kl. 18.30
MODERN TIMES LP 960351-1

Sphere


Klubb Grillen fre-lør-søn 23.-25.3
LP 960313-1

Playboy Jazz

M. Weather Report.
Grover Washington Junior LP 96028-1

Frå Polygram Records

STEPS AHEAD





Med besetninga Michael Brecker, tenorsaks
Warren Bernhard, piano
Peter Erskine, trommer
Eddie Gomez, bass
Mike Mainieri, vibrafon

må det vera lov å kalla STEPS AHEAD ei "supergruppe".
Alle gruppemedlemmene er framståande solistar og har bak seg plate-innspelingar i eige navn. Gjennom STEPS AHEAD freistar dei fyrst og fremst å stå fram som gruppe.
Det heile byrja i Japan der gruppa hadde bak seg fleire plateopptak og vart svært populære før dei opptrådde i USA for fyrste gong.

Musikalsk sett har STEPS AHEAD ein samansett profil. Den spenner frå bop via samba til rythm'n blues. Medlemmene i gruppa er også kjende for publikum for samarbeid med t.d. Joni Michell, Paul Simon, John Lennom og Weather Report.

Gruppa har no eksistert i 5 år, men konserten her på VOSSA JAZZ vert den fyrste her til lands.

PIANO WEINBACH Rösler

Europeiske kvalitets-
pianoer og flygler
til riktig pris.

Fra kr.

Vi har dem!



HANS INGIER
Schlagerforlaget as

STORGATEN 23, OSLO 1 – POSTBOKS 9010, VATERLAND, OSLO 1
KORPSSENTER: GRENSEVEIEN 90, OSLO 6.
SENTRALBORD: 02 - 42 08 10

ME FØRER:
BRODERI – SJERF – SJAL – HANSKAR
HUER – DAMEHATTAR
HUSQUARNA SYMASKINER
Velkomen innom



Voss Moteforretning
Skulegata 10
– Tlf. 11 184

Maskiner og utstyr for landbruket
Kontakt oss

Landbruksservice a.s
BONDENS BUTIKK
VOSS TLF. 12 650



VOSS BRANDTRYGDELAG
5700 VOSS
Tlf. Voss 11 161

Alt i daglegvarer

Berland mat

EKKO KVANTUM
i Uttrgågata/Sosialbygget Tlf. 12 920

Kjell Hansen Bok- og Papirhandel, 5700 Voss

Telf. 11 854 – Vangsgt. 40.

Drikk Coca-Cola

Have a Coke and a smile.

Coca-Cola. En real forfriskning.

Th. Jersin

Vangsgt. 8,
Agentur og lager

GRAVING
SPRENGING
BETONGARBEID

as Maskinoppdrag

AUTORISERT ENTREPRENØRFIRMA

Rute 4429, 5700 Voss

DAGLEG FESTSPEL

Det er berre ei musikkform me likar like godt som jazz: Dei mjuke og velgjerande tonane som vert trylla fram på kassaapparata våre.

VELKOMEN TIL DAGLEG FESTSPEL HJÅ OSS!

MATBUA:
Kjøt, fisk, frukt og alle daglegvarer til rimelege prisar.

BUALOFTET:
Du finn ikkje maken på Voss: Gardin, sengeutstyr, handkle, dukar, arbeidstøy, regntøy, steintøy og kjøkkenutstyr.

JERNVARE/MASKIN:
Eineforhandlar av:
BOSCH – STIHL – J.D. – ISEKI

Hendi **Kjede-samarbeid** FK **- Samarbeid**


Du finn oss midt på Vangen!

L/L VOSS HANDELSLAG

Alt frå paste up til ferdig trykksak.







Voss Prenteverk A.s

Telefon (055) 11 628 – Postboks 297 – 5701 Voss

Tømrarfirma

Stein Hanto & Bjørn Himle

Alt frå einebustader til fuglekasser

Tlf. 055/12861 5700 VOSS





Vangen CAFÉ

VOSSA JAZZ MENY
23. - 25. mars -84

Biff Stroganoff **35,–**
Kjøtkaker **29,–**
+ ein kopp kaffi

BARNEMENY:
Wienerpølser **15,–**
m/potetstappe


VANGEN
Vangsgt. 42, Voss

Ivar Orvedal Cafe 1982

«En betydelig diktsamling, kanskje denne høstens betydeligste . . . .
Orvedal har kraft, orginalitet og det store overblikket.»
Arbeider-Avisa 1982.

Illustrert med grafikk av Edvard Munch
Kr. 140,–

CAPPELEN
J. W. Cappelens Forlag a·s



JA, EG TINGAR AVISA DAG OG TID
I ☐ ½ ÅR KR. 120 ☐ 1 ÅR KR. 235
OG FÅR AVISA GRATIS I EIN MÅNAD

NAMN _ - - - - - - - - - - - - - - -

ADR. - - - - - - - - - - - - - - -

- - - - - - - - - - - - - - - - -

DAG OG TID, KR. AUGUSTSGT. 14, OSLO 1
TELEFON 02-11 14 55

(NORSK L.)


Bøker

Papir

Skrivesaker

Me har utvalet






Spesialist i spekemat og den originale



* NILS GEITLE A/S
VOSS

Offentleg slakteri Tlf. Voss 11 350



1. Jernbanestasjonen
2. Fleischers Hotel
3. Vossevangen Hotel
4. Park Hotel
5. Ungdomshallen
6. Voss Kino (billettkontor)
7. Jazzkafeen (Sosialbygget)
8. Taxi
9. Vang Pensjonat
10. Nøring Pensjonat
11. Ungdomsskulen

PIANOER FLYGLER

VOSSA JAZZ

FESTIVAL 1984

VELGER

SCHIMMEL
PIANOS

TIL KLUBBENE

VI GRATULERER

Kvalitet og topp service er vårt kjennetegn.

Bergen Pianoforretning

Jon. Sørsgrsgt. 9 - 5000 Bergen - Tlf. 23 06 92

Voss Prenteverk, Voss